

## **Emneevaluering PROPSY307: Rapport frå emneansvarleg**

Undervisninga gir innføring i det ideologiske, juridiske og empiriske grunnlaget for ein inkluderande skule og innføring i forskning om pedagogisk-psykologiske vanskar. Gjennom kombinasjon av teoriundervisning og praksis skal studentane førebuast til å arbeida som psykolog med born og unge med pedagogisk-psykologiske vanskar, familiarane deira, skulen som organisasjon og skulen sitt eksterne støttesystem. Studentane skal få innsyn i dei vanlegaste vanskane som psykologen møter i førstelineteneste, særleg i den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT), og aktuelle tiltak overfor vanskane.

### *Undervisnings- og vurderingsformer*

Undervisninga er ein kombinasjon av nøkkelforelesingar, ekskursjonar, seminar med studentpresentasjonar og eksternt fagpanel, kasusgrupper og obligatorisk praksis i PPT. Administrativt er slik kombinasjon svært krevjande, ikkje minst fordi opplegget må passa for ei rekkje eksterne rettleiarar. Fagleg har opplegget fungert godt, m.a. takka vera tidleg førebuing semesteret før. Studentane lærer gjennom kurset å sjå teori i praktisk lys. Vurderingsforma er seks timars skuleeksamen, der studentane skriv to av tre oppgåver. Det første forsøket med denne eksamensforma haustsemesteret 2013 indikerer at ho fungerer fint. Undervisning og eksamen tek utgangspunkt i liste over «anbefalt litteratur». Denne lista er det behov for kontinuerleg å vurderer i tråd med ny kunnskap på feltet.

### *Vurderings- og undervisningsmeldte*

38 studentar var undervisnings- og vurderingsmelde på emnet PROPSY307. Alle oppmelde møtte til eksamen. Det var ikkje fråfall på emnet.

### *Karakterfordeling*

Av dei 38 studentane som gjekk opp til eksamen fekk 24 karakteren B, medan 8 fekk C, 5 fekk D og 1 fekk E. Ingen fekk A.

### *Rammevilkår*

Hovuddelen av forelesingane og seminara blir dekkja av fast vitskapleg tilsette. Ein del faglege tema krev ekstern spisskompetanse, og pga studieplanen sine krav må eksterne fagpersonar gi rettleiing i kasusgrupper og i PP-praksis. I ein overgangsfase, der ny og gamal studieplan blir gjennomført parallelt, har det vore heilt avgjerande å ha ein kompetent person frå kommunal førstelineteneste i bistilling. Dette har særleg vore viktig for å førebu og gjennomføra PP-praksis for to kull i semesteret. Bistillingen har også hatt ansvar for semesterlege samlingar for PP-rettleiarane.

### *Studentstatistikk*

Det blei gjennomført studentevaluering som ei spørjeskjemaundersøking på nett. Studentane svara på evalueringa etter at eksamensresultatet var kjent. Totalt 19 av 38 studentar (50%) valde å delta i evalueringa.

### *Evalueringresultat*

Kurset vart evaluert etter haustsemesteret 2013. Nittifem prosent av studentane som deltok i evalueringa var «fornøyd» eller «svært fornøyd» med «kurset samlet vurdert». Denne vurderinga gjekk igjen på dei fleste variablar ved kurset. PROPSY307 fekk også Det psykologiske fakultetet sin studiekvalitetspris for 2013.

### *Kommentarar*

Etter m.a. forslag frå studentane vart nokre av ekskursjonane endra i vårsemesteret 2014 (95 prosent av studentane var likevel nógde med ekskursjonane). Ein del detaljar ved PROPSY307 vil bli «pussa på» fram mot haustsemesteret 2014.